



Arkivnr: 2017/2247-8

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Delegert saksframlegg

---

### Fylkesrådmannen etter fullmakt

## Låneopptak 2017 - III

### Samandrag

Til finansiering av investeringar i 2017 vert det teke opp eit lån på 480 mill. kr med fast rente i 6 år.

### Vedtak

Det vert teke opp eit lån på 480 mill. kr med fast rente i 6 år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.11.2017

I opphavleg budsjett for 2017 var det budsjettert med 1 246,3 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er gjort justeringar i budsjettet i fylkestingsaker i mars og oktober. Budsjettert låneopptak i 2017 er etter dette redusert til 1 206,8 mill. kr.

Det er tidlegare i år teke opp to nye lån på til saman 649 mill. kr. Det står då igjen 557,8 mill. kr.

Ved utgangen av 2016 hadde fylkeskommunen 291,4 mill. kr i ubrukte lånemidlar. Ein kan dermed greie seg med å ta opp noko lågare sum enn budsjettert i 2017. Men det er vanskeleg å treffe akkurat, så det kan vere godt å ha ein viss reserve å gå på.

Ein vurderer 480 mill. kr å vere ein passende sum for det tredje og siste nye låneopptaket i 2018.

Pr. dags dato har 48,8 % av låneporteføljen fast rente. I november og desember skal årets avdrag betalast ved at to lån blir innfridd. Etter dette vil fastrente-andelen stige til 51,3 %. Men i løpet av februar 2018 passerer to lån 1-års grensa for gjenverande bindingstid. Fastrenteandelen vil då falle til 44 %. Då vil det snart vere behov for nye fastrentelån, for å unngå å kome under grensa som er sett ved 40 % av låneporteføljen.

Rentenivået har falle gjennom mange år, men no er det mange som meiner at botnen er passert og at rentenivået vil trekkje oppover dei komande åra. På denne bakgrunn går fylkesrådmannen inn for å ta opp eit lån med fast rente denne gongen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over kor lang bindingstid ein har på eksisterande fastrentelån og rentebytteavtalar.

År	Tal lån	Beløp kr 1000
2019	3	951 000
2020	3	1 005 000
2021	4	1 495 000
2022	3	1 245 000
2024	1	440 000
Total	14	5 136 000

Fram til 2022 har fylkeskommunen 3 eller 4 lån der rentebindinga går ut kvart av åra. Lånet med lengst rentebinding strekkjer seg til 2024. Ut frå dette kunne det passe å ta opp eit lån med fast rente fram til 2023, altså i 6 år.

Fylkesrådmannen konkluderer med at ein denne gongen vil be om tilbod på eit lån på 480 mill. kr med fast rente i 6 år.

### *Rutine ved låneopptak*

Ved dette låneopptaket justerer ein litt på rutineane i høve til tidlegare. Ved opptak av lån med løpetid over 1 år vert det vanlegvis kravd stadfesting frå revisor om at låneopptaket er i tråd med vedtak, fullmakter og reglar som gjeld for fylkeskommunen. Vanlegvis er det ikkje mange dagar frå anbudsrunnen til lånet skal utbetalast. Det kan vere knapp tid til å ordne alle formalitetar.

Denne gongen legg ein opp til at fylkesrådmannen først gjer vedtak om lånebeløp og rentebinding. Deretter innhentar ein stadfesting frå revisor, før ein gjennomfører anbudsrunnen. Når Bergen Capital Management gjennomfører anbudsrunnen, får fylkeskommunen oversendt liste med rangering av innkomne tilbod. Valet av långjevar gjev seg sjølv, nemleg den tilbydaren som har lågast rente.